



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 24.10.2013
2013/7152
473

Risa AS avd Pukkavdeling
Postboks 14
4367 Nærbø

Att. Espen Vigre

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Risa AS - Oversending av løyve etter forureiningslova til mottak, mellomlagring og gjenvinning av betong, tegl og asfaltmassar på Moi, Bjerkreim kommune

Fylkesmannen har ferdigbehandla søknaden frå Risa AS om løyve etter forureiningslova §§ 11 og 29 til mottak, mellomlagring og gjenvinning av betong, tegl og asfaltmasse på gnr.58 bnr.2 på i Bjerkreim kommune. Løyvet med tilhøyrande vilkår følgjer vedlagt. Fylkesmannen sitt vedtak kan påklagas til Miljødirektoratet.

Fylkesmannen syner til søknad datert 7.7.2013 frå Risa AS om løyve til mottak, mellomlagring og gjenvinning av inntil 50.000 tonn rivingsmateriale av betong og tegl, samt 75.000 tonn asfaltmasse på Moi, gnr.58, bnr.2 i Bjerkreim kommune. Verksemda driv i dag eit pukkverk på standen i samsvar med sjølvberande vilkår i forureiningsforskrifta kapittel 30.

Vidare syner vi til uttale til søknaden frå Andreas Osland og Arne Geir Abeland, som er næraste grannar til verksemda, samt uttale frå Bjerkreim kommune. Uttala frå grannane vart oversendt kommunen i forkant av den kommunale sakshandsaminga. Alle uttala vart sendt søkjaren for kommentering. All informasjon som er kome fram gjennom kjeldane over er lagt til grunn i vår vurdering av søknaden.

Bakgrunn

Risa AS er ein stor aktør i anleggsbransjen. Verksemda har ei rekkje undereiningar, mellom anna Risa AS avd. Pukkavdeling (bedriftsnummer 975033880) som driv masseuttak og knuseverk fleire stader i Rogaland. Verksemda har for to av desse lokalitetane, ein i Bjerkreim kommune og ein i Time kommune, søkt om å få utvida aktiviteten til og å omfatta gjenvinning av betong, tegl og asfalt.

Sjølv om det er same verksemd som er ansvarleg eining for begge dei omsøkte løyva, treng kvart av anlegga på bakgrunn av sin lokalisering eit eige løyve. Vedlagte løyve gjeld difor berre for Moi brudd og massetak, gnr 58, bnr 2 i Bjerkreim kommune.

Fylkesmannen var på kontroll ved Risa AS avd. pukkavdeling, heretter kalla Risa, 31.8.2011. Vi fant ikkje at det for nokon av verksemda sine pukkverk var tilhøve som gjorde det naudsynt med eit

særskilt utsleppsløyve etter forureiningslova for den ordinære pukkverksdrifta, jamfør forureiningsforskrifta § 30-2. Denne delen av verksemda kan dermed skje i samsvar med sjølvberande forskriftskrav, jf. forureiningsforskrifta kapittel 30 *Forurensninger fra produksjon av pukk, grus, sand og singel*.

Risa ønskjer nå å utvide sin aktivitet til også å omfatte mottak av rivingsbetong, tegl og returasfalt for gjenvinning. Brukt betong kan innehalde miljøgifter som PCB og tungmetall, tegl kan innehalde tungmetall, og gammal asfalt kan innehalde PAH. Behandling av slike massar kan dermed medføre forureining, og det fins ingen eigen forskrift som dekkjer krava godt nok. Verksemda skal difor ha eige løyve etter forureiningslova §§ 11 og 29. Fylkesmannen er forureiningsmynde for denne typen verksemd.

Førehandsvarsel av søknaden

Søknaden har vært sendt Bjerkreim kommune for uttale. Søknaden vart kunngjort i Jærbladet og Stavanger Aftenblad, og vart lagt ut til offentleg ettersyn på nettsidene til Fylkesmannen i Rogaland og Bjerkreim kommune, samt på kommunehuset på Vikeså og på Coop-butikken i Bjerkreim. Høyringsfristen vart sett til 2.9.2013.

Det kom inn to merknader frå næraste grunneigarar til lokaliteten. Begge merknadane vart oversendt saksbehandlar i Bjerkreim kommune til orientering i forkant av kommunens uttale. Formannskapet i Bjerkreim kommune fatta vedtak om uttale i møte 30.9.2013. Merknadane frå både naboar og kommunen vart oversendt søkjaren for kommentering 7.10.2013. Risa har i e-post av 14.10.2013 gitt sin vurdering av dei innkomne merknadane.

Høyringsuttale

Andreas Osland og Arne Geir Abeland

Fylkesmannen har mottatt kritiske merknader til søknaden frå Andreas Osland, grunneigar av gnr 59, bnr 10, samt frå Arne Geir Abeland, grunneigar av gnr 58, bnr 3. Oslands eigedom omfattar store delar av Oslandsvatnet, mens Abeland eig delar av vassdraget aust for og lågare enn Oslandsvatnet.

Dei to merknadane er svært samanfallande. Vi gjengir nedafor eit utdrag av dei moment som blir påpeikt:

- LNF-område – I samsvar med reguleringsplanen for området skal dette tilbakeførast til landbruk når masseuttaket er avslutta. Denne type verksemd bør ikkje drivast i eit LNF-område.
- Miljøgifter – Rivingsmaterial kan innehalde miljøgifter med lang nedbrytingstid. Slike anlegg bør plasserast på stader der det er minst mogleg fare for at miljøgifter kjem på avveggar. Det vil vere svært uheldig om miljøgifter skulle koma i vassdraget.
- Oslandsvatnet – Oslandsvatnet ligg øvst i vassdraget, og eventuelle utslepp vil forureine nedover heile vassdraget.
- Bjerkreimselva - Elva er ei av dei beste lakseelvane i landet og ei viktig næring for mange grunneigarar og anna næringsverksemd i Bjerkreim kommune. Då vil det vera uheldig å plassera et gjenvinningsanlegg rett attmed dette vassdraget med den risiko for forureining som det medfører.
- Fiske – Oslandsvatnet er tilrettelagt for fiske ved sal av fiskekort og opparbeida parkeringsplassar. Utslepp av miljøgift vil vere negativt for fisken og samtidig gjere vatnet mindre attraktivt for fritidsfiske.

Dei to grunneigarane fråråder at det vert gjeve løyve til Risa for det omsøkte gjenvinningsanlegget.

Bjerkreim kommune

Eigedomen er omfatta av *Reguleringsplan for Moi brudd og massetak*, vedtatt 27.9.2006. Risa søkte i 2004 om å etablere et anlegg i området for handtering av mindre mengder betongavfall. Fylkesmannen fann det då ikkje naudsynt med eige utsleppsløyve.

Uttalen gjengir først uttalen frå Osland og Abeland, og opplysar vidare om at Archer AS har lagt fram planer om lagring av eksplosivar i konteinrar innanfor masseuttaksområdet.

Bjerkreim kommune har vurdert fleire forhold knytt til søknaden:

- Driftsperiode – Verken reguleringsplanen eller driftsplanen for anlegget angir noen ferdigstillingsfrist, men basert på et årleg uttaksvolum på 50.000 m³ er det forventa at området kan tilbakeførast til landbruksområde omkring år 2021. Det går ikkje fram av ikkje av søknaden kor lenge den omsøkte gjenvinning av betong, tegl og asfalt skal finna stad.
- Dispensasjon frå reguleringsplan – Kommunen påpeikar at et anlegg for handtering av betong, tegl og asfalt ikkje er i tråd med gjeldande reguleringsplan for området, og at det derfor er naudsynt for Risa å søkkje om dispensasjon frå reguleringsplanen.

Kommunen opplyser i tillegg om at det for tiltak som ikkje er utgreia tilfredsstillande på overordna plannivå, kan det verte aktuelt å krevje utgreiing av konsekvensane av det aktuelle tiltaket.

- Naturmangfaldlova – Kommunen påpeikar at det i Artskart og Temakart Rogaland framkommer at Oslandsvatnet og Røyslandsvatnet er leveområde for ål, som er en kritisk trua fisk som frå 2010 er totalfreda i Noreg. Søknaden oppfattast slik at det vert søkt om utslepp av prosessvatn med ein pH-verdi på 9, og at det ikkje er klarlagt kva slags verknad dette kan ha på pH-verdien i Oslandsvatnet og elles i vassdraget. I tillegg kommer risikoen for tilslamming/forureining.
- Vassforskrifta – Kommunen påpeikar at det er Rogaland fylkeskommune som er utpeikt som vannregionmynde, og undrar seg over at kommunen blir bedt om å foreta vurderingar i forhold til vassforskrifta.

På bakgrunn av saksutgreiinga fatta Bjerkreim formannskap 30.9.2013 følgjande vedtak:

”Forutsatt at tiltaket ikkje medfører uønsket forurensning av vassdraget, har Bjerkreim kommune ikkje vesentlige merknader til tiltaket. Dersom overordnede myndigheter aksepterer tiltaket, er det sannsynlig at en eventuell søknad om dispensasjon frå reguleringsplan kan imøtekommes.”

Kommentarar frå søkjar

Fylkesmannen oversendte dei innkomne høyringsuttala til søkjaren i brev av 7.10.2013, og bad om kommentarar til dei framkomne merknadane. Verksemda sine kommentarar er datert 14.10.2013.

Risa presiserar i sine kommentarar at det etter at fjellmassane er tekne ut ikkje lenger er aktuelt å fortsette knusing og lagring av betong, tegl og asfalt på staden. Drifta vil difor vere knytt opp mot bestemmingane i reguleringsplanen.

Med omsyn til faren for å forureina Oslandsvatnet og vassdraget nedafor med miljøgifter, påpeikar risa at betong og tegl frå deira riveentreprisar er miljøkartlagde før riving og prøvetekne før riving tek til. Eventuelle ureiningar i rivingsmassane vil verte avdekt i saneringsrapportane, og slike massar vert handsama i medhald av gjeldande regelverk og køyrt til godkjent deponi for ureine massar. Rivingsavfallet som er aktuelt for knusing på omsøkt område er reine for miljøgifter som til dømes PCB og tungmetall.

Risa skriv vidare at verksemda frå juni 2013 har utført kartleggjing av verdiane av totalt fosfor, totalt nitrogen, PCB 7, PAH 16, EPA, pH og diverse tungmetall som arsen, bly, kadmium, kobbar, krom, nikkel, sink og kvikksølv. Det er teke prøvar kvar 60. dag og supplerande prøvar ved sprenging på området. Prøvane vert vurdert av akkreditert uavhengig laboratorium, og resultatane samanstilte av Ecofact for rapportering. Desse prøverapportane er tilgjengelege ved førespurnad, elles vil dei verte sende Bjerkreim kommune ved utgangen av kvart kalenderår.

Fylkesmannens vurdering

Ved avgjerde om løyve og fastsetjing av vilkåra har Fylkesmannen lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket sett i samanheng med de fordelane og ulempene som tiltaket vil føre til. Søknaden er handsama etter forureiningslova, naturmangfaldlova, vassforskrifta og reguleringsvilkåra for *Moi brudd og massetak*.

Avfallspolitikk

Stortingsmelding nr. 26 (2006-2007) om Regjeringa si miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand gir ein oppdatering av hovudlinene i avfallspolitikken. Det nasjonale resultatmålet for gjenvinning av avfall inneber at mengda avfall til gjenvinning skal være minst 75 % i 2010, med ein vidare opptrapping til 80 %. Dette inngår i det overordna målet med avfallspolitikken, som er å auke utnytte av avfallet som ein ressurs, samstundes som utslepp av klimagassar og miljøgifter frå avfallet vert minst mogleg.

I betong er hovuddelen steinmassar (60 - 70 %), og rein betong frå rivning vil kunne nyttast til dømes i utfyllingsmassar, der man elles måtte brukt nye pukkmassar. Ved gjenvinning av betong reduserer man difor ikkje bare mengda brukbare masser som fyller opp deponi, men og behovet for å sprengje ut nye steinmassar.

Naturmangfaldet

For alle saker der avgjerda kan påverke naturmangfaldet følgjer det av naturmangfaldlova § 7 at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynde, og at det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Når det gjelder kravet til kunnskap om naturmangfald i naturmangfaldloven § 8, syner vi til at aktiviteten det er søkt om er eit tillegg til eksisterande uttaksaktivitet i et steinbrot. Denne drifta er regulert etter forureiningsforskrifta kapittel 30.

Bjerkreim kommune gjer i si uttale merksam på at det går fram av Artskart og Temakart Rogaland at Oslandsvatnet og Røyslandsvatnet er leveområde for ål, som er ein kritisk trua art. Fylkesmannen har ikkje funne at det er registrert andre raudlista arter i området som kan bli påverka av tiltaket.

Opplysingane knytt til ål er frå 1987 (Oslandsvatnet) og 1970 (Røyslandsvatnet). Sjølv om status for ål i området per dags dato ikkje kjend, er det ikkje skjedd endringar i vassdraget som tilseier at ål ikkje lenger er til stades.

Ved fastsetting av vilkåra har Fylkesmannen lagt vekt på kva som kan verte oppnådd med beste tilgjengelige teknikk, jamfør naturmangfaldloven § 12. I samband med den typen verksemd som det er søkt om her, inneber dette støyskjerming og støvdemping, og å hindre spreieing av miljøgifter. Ved riktig bruk av maskinar og tilrettelegging av arbeidet skal ikkje aktiviteten det er søkt om føre til større utslepp enn den eksisterande drifta i uttaksområdet.

Vassforskrifta

Det er ikkje registrert negative påverknader for Oslandsvatnet og Røyslandsvatnet, og miljøtilstanden er karakterisert som svært god. Oslandsvatnet er ein del av det verna Bjerkreimsvassdraget.

I følgje vassforskrifta § 4 (*miljømål for overflatevann*) skal tilstanden i overflatevatn vernas mot forverring, forbetras og gjenopprettas med sikte på at vatnførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Verksenda må difor ikkje medføre utslepp som kan vere til hinder for å nå målsetjinga i § 4.

Fylkesmannen legg til grunn at Risa i dag driv ordinær pukkverksdrift ved anlegget utan at det er påvist negative verknader for fisk i Oslandsvatnet. Det er etablert eit naturleg sedimenteringsbasseng i to trinn for utslepp av drenerings- og overvatn i samsvar med krav i reguleringsplanen. Vatn frå sedimenteringsbassenget går deretter vidare gjennom ei naturleg våtmark før det går i bekk til Oslandsvatnet.

Verksemda har etablert eit måleprogram for sitt utslepp av vatn frå sedimenteringsbassenget. Måleprogrammet omfattar og utslepp av miljøgifter, og vil verte tilpassa nye krav som følgje av den omsøkte aktiviteten.

Fylkesmannen held med dette søknaden som vurdert i forhold til krava i vassforskrifta. Fylkesmannen vurderer verksemda sine tiltak mot utslepp av forureina vatn som tilstrekkelege til at løyve verte gjeve.

Reguleringsplan

Reguleringsplanen er som påpeikt av Bjerkreim kommune ikkje i samsvar med gjenvinning av betong, tegl og asfalt. Den midlertidige omdisponeringa av området før det skal tilbakeførast til landbriksområde gjeld berre drift av masseuttaket og knuseverket.

Kommunen skriv samstundes i sitt vedtak av 30.9.2013 at *”Dersom overordnede myndigheter aksepterer tiltaket, er det sannsynlig at en eventuell søknad om dispensasjon frå reguleringsplan kan imøtekommes”*.

Fylkesmannen viser til forureiningslova § 11 fjerde ledd 2. setning :*”Viss virksomheten vil være i strid med endelige planer etter plan- og bygningsloven skal forurensningsmyndigheten bare gi tillatelse etter forurensningsloven med samtykke fra planmyndigheten”*.

Vi ser det ikkje naudsynt å leggje slutthandsaminga av søknaden på is i påvente av eit formelt vedtak av Bjerkreim kommune om dispensasjon frå reguleringsplanen i og med kommunen i utgangspunktet vil stille seg positiv til ein slik søknad.

På bakgrunn av kommunens utsegn er det likevel naudsynt at Risa søker Bjerkreim kommune om endring av eller dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan.

Tilhøve til forureiningsforskrifta kapittel 30.

Fylkesmannen har ikkje tatt for seg drifta av sjølve masseuttaket i handsaminga av denne søknaden, da denne vert regulert av sjølvberande vilkår i forskrifta.

Fylkesmannen dei siste åra gjennomført tilsyn ved dei fleste pukkverka i fylket, og vil ved tilsyn følgje opp både gjenvinningsdelen og pukkverksdelen av aktiviteten til Risa på lokaliteten på Moi. Dersom drifta ved anlegget avviker frå krava i forskrifta eller løyvet til betonggjenvinning, vil vi følgje opp verksemda til avvika er lukka. Vidare skal klager, og avvik som vert oppdaga av

verksemda sjølv, også loggførar og handsamast som avvik. Verksemda har plikt til å lukke alle avvik så fort det lar seg gjere.

Mottatt avfall

Fylkesmannen stiller i løyvet detaljerte krav om registrering av massane og maksimalt mottaksvolum. Aktiviteten skal avgrensast til driftstidene som er angitt i reguleringsplanen for området.

Risa har søkt om en årlig gjenvinning av 50 000 tonn rivingsbetong inkludert tegl, samt 75 000 tonn asfaltmassar.

Verksemda har i søknaden ikkje presisert den maksimale mengda betong som skal mellomlagras på staden til einkvar tid. Avfall som skal gjenvinnast kan mellomlagras i inntil tre år, jamfør avfallsforskrifta § 9-2 andre ledd. Risa må difor til einkvar tid kunne dokumentere at storleiken på mellomlageret ikkje overstig den mengd verksemda kan gjenvinne innan tre år med normal driftstid. Mottak av nye masser må i så tilfelle opphøyrast inntil tilsvarande gjenvunne masse er frakta ut av området.

Mottakskontrollen med vekt skal sikre at dette kravet vert etterlevd. Verksemda skal søkje å koordinere transport av uttaksmassar og avfallsmassar, slik at transport med tomme lass, altså «uverksam» transport, vert minst mogleg.

Storleiken og utforminga av lagringsplassen må i tillegg være utforma på ein slik måte at den ikkje verkar skjemma for omgivnaden.

Krav til mottakskontroll

Mottak av rein betong, tegl og asfaltflak til gjenbruk skal normalt ikkje utgjere nokon forureiningsfare.

Når det gjelder betong, kan fugemasse, maling og sjølve betonginnsatsen innehalde PCB og tungmetall. Tegl eldre enn 1980 kan innehalde tungmetall, og tegl og betong frå piper kan innehalde PAH. Gammal asfalt kan innehalde PAH. Massar med slike forureiningar skal ikkje gjenvinnast, men verte levert til deponi for farleg avfall. Ein fungerande mottakskontroll skal sikre at slike massar ikkje vert handtert ved anlegget på Moi.

Både avfallsprodusent og mottakar har ansvar for at forureina massar vert handtert korrekt. Oppkjøparar av gjenvunne betong stiller også krav til innhaldet, og verksemdar som driver med gjenvinning vert difor passa på frå fleire kantar. Leverandøren av avfallsmassane har ansvar for å dokumentere at massane ikkje er forureina, og brukarar av gjenvunne massar stiller krav til at produktet de kjøper er reint. Risa vil difor ha lite å vinne på å slurve med mottakskontrollen, og Fylkesmannen vurderar sjansen for at forureina massar vert levert mottaket som relativt liten.

Vi stiller i løyvet krav om at mellomlageret av asfaltmassar skal meldast inn i Kontrollordninga for asfalt, KFA, og sende inn prøver av mottatt asfalt i samsvar med KFA sine rutinar.

Alle lass med masse som blir frakta til anlegget skal gjennomgå en mottakskontroll der verksemda sikrar at innhaldet ikkje inkluderer forureining. All mottatt masse skal registrerast med vekt og innhald, slik at verksemda har oversikt over, og kan dokumentere, kva mengder som har kome inn og kva som har gått ut. Innhaldet av rivingsmassar skal vere dokumentert av avfallsprodusenten, det vil seie at dokumentasjon på at massane ikkje inneheld forureiningar skal føreliggje *før* massane vert sleppt inn på anlegget.

Verksemda må i tillegg ha eigne rutinar for granskning og prøvetaking av mottatte massar i tilfelle det oppstår mistanke om at massane likevel kan innehalde forureiningar.

Dersom det likevel viser seg at forureina massar er tekne imot og behandla, skal Risa umiddelbart sette i gang tiltak for å avgrense eventuelle utslepp og fjerne dei forureina massane. Verksemda skal og sørge for prøvetaking for å undersøkje om omgjevnadane har vorte påverka av aktiviteten, og dekkje kostnaden med opprydding av eventuelle andre forureina areal, jamfør forureiningslova § 7.

Fylkesmannen har vurdert verksemda sine prosedyrar for mottakskontroll inkludert skjema for loggføring av mottatte massar. Vi vurderar desse som dekkjande for å sikre ein forsvarleg mottakskontroll.

Dersom det gjennom verksemda si eigenkontroll likevel viser seg at gjeldande prosedyrar ikkje er tilstrekkelege til å hindre at forureina rivingsmassar vert gjenvunne, er Risa ansvarleg for å gjennomføre naudsynte tiltak for rette opp forholdet.

Fylkesmannen vil ved periodiske inspeksjonar kontrollere at verksemda som ein del av sin internkontroll etterlever sine prosedyrar for mottakskontroll.

Støy

Den nye drifta skal ikkje føre til meir støy i området. Risa må kunne dokumentere at verksemda sitt utslepp av støy både frå den ordinære pukkverksdrifta og frå knusing av rivingsmassar og asfalt er i samsvar med krav fastsett i forureiningsforskrifta § 30-7 *Støy*. Sjå også støyretningslina T-1442/2012 frå Miljøverndepartementet og rettleiaren frå Klima- og forurensningsdirektoratet (no Miljødirektoratet) TA-2115.

Dersom den totale støypåverknaden frå verksemda sine aktivitetar aukar som følgje av tilleggsaktivitetane, må verksemda gjennomføre tiltak for å avgrense støyen.

Støv

Noko støvflukt må påreknas ved drift av knuseverk, men det er klare krav til utsleppsgrensar i forureiningsforskrifta § 30-5 *Utslipp av støv*. Fylkesmannen ser det lite truleg at den omsøkte aktiviteten skal auke støvutsleppet vesentleg. Det er ein føresetnad at knusing av betong skal skje på eit avgrensa område, og Fylkesmannen meiner aktiviteten skal være enkel å støvdempa med vatn når dette er naudsynt. Etter vår vurdering vil støvflukt frå opne mellomlager av betong til gjenvinning vere ubetydeleg, og vesentleg mindre enn frå den ordinære pukkverksdrifta.

Det vil i praksis ikkje være mogleg å gjennomføre separate støvnedfallsmålingar frå gjenvinning av betong og tegl så lenge det også føregår ordinær pukkverksdrift. Fylkesmannen set difor ikkje særskilte krav til nedfallstøv utover krava i forureiningsforskrifta § 30-5.

Utslepp til vatn

Fylkesmannen syner til vår vurdering ovanfor av søknaden i forhold til vassforskrifta.

Løyvet stiller krav om måleprogram for verksemda sitt utslepp frå reinseparken for å sikre at denne fungerer etter føremålet og ikkje vert overbelasta. Måleprogrammet må tilpassast slik at det gir eit representativt bilde av påverknaden til resipienten.

Måling av utslepp

Løyvet stiller krav til måling av støv, støy og utslepp til vatn i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 30.

Verksemda må via sitt måleprogram også kunne dokumentere at utsleppet av vatn til Oslandsvatnet ikkje inneheld PCB eller tungmetall som kan stamme frå gjenvinning av rivingsmassar.

Verksemda må og setje i verk aktuelle avbøtande tiltak for å hindre grunnforureining.

Dokumentasjon på rutinar, gjennomføring og resultat av målingane skal kunne framvisast ved tilsyn.

Risikoklasse

Verksemder med løyve etter forureiningslova skal plasserast i ei risikoklasse, jamfør forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-6. Risikoklassen skal angi forureiningspotensialet til verksemda. Plassering i risikoklasse har betydning for kor ofte verksemda vil bli kontrollert av Fylkesmannen, og for storleiken av gebyret verksemda må betale for kvar inspeksjon.

Vi vurderar det slik at utslepp og potensialet for utslepp frå anlegget i samband med mottak, mellomlagring og gjenvinning av betong, tegl og asfalt er lite. Vi plasserar difor anlegget i risikoklasse 4, som er lågaste risikoklasse.

Verksemder i risikoklasse 4 vert normalt kontrollert kvart 6-8 år så sant ikkje naboklager eller andre forhold tilseier behov for hyppigare kontroll. Fylkesmannen inspiserer normalt verksemder som har fått nytt eller endra utsleppsløyve innan ca. eit år etter at løyvet vart gitt for å kontrollere at drifta skjer i samsvar med vilkåra i løyvet.

Dersom inspeksjonen avdekkjer forhold som tilseier en høgare risikoklasse, kan Fylkesmannen fatte enkeltvedtak om endring av risikoklassen.

Konklusjon

Med dette som grunnlag meiner Fylkesmannen at Risa sitt anlegg på Moi vil dekkje eit samfunnsmessig behov ved å tilby mellomlagring og enkel handsaming av rivingsmassar og asfaltflak for bruk til gjenvinning. Vi sett føre at denne aktiviteten kan skje på ein miljø- og helsemessig trygg måte.

Fylkesmannen meiner det er akseptabelt at Risa AS avd Pukkverksavdeling, bedriftsnr. 975033880, får løyve til å etablere og drive mottak, mellomlagring og gjenvinning av betong, tegl og asfalt på sitt anlegg på Moi, gnr. 58 bnr. 2 i Bjerkreim kommune. Vi vurderar dei positive verknadane av å ta i mot og handtere gjenvinningsmassar for å vere større enn eventuelle negative konsekvensar som følge av forureining frå anlegget. Vi sett som føresetnad at verksemda vert drive i samsvar med vilkåra i utsleppsløyvet og i forureiningsregelverket elles.

Eit utsleppsløyve skal ikkje vere i motstrid til gjeldande reguleringsplanen for området. Løyvet er gitt under føresetnad av at Bjerkreim kommune endrar eller gir dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan. I og med kommunen har uttalt seg positivt til å gjere dette, har Fylkesmannen ikkje sett det hensiktsmessig å utsetje ferdigstilling av løyvet i påvente av den kommunale sakshandsaminga.

Vi understrekar at dette løyvet ikkje er ein løyve til å forureine meir. Verksemda sin internkontroll, faktiske drift av anlegget og målingar av utslepp vil verte fylgt opp med jamlege tilsyn frå Fylkesmannen.

Fristar

Tabellen nedafor gir ei oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak som løyvet krev:

Tiltak	Frist	Vilkår i løyve
Oppdatering av måleprogram	1.1.2014	5.1
Oppdatering Miljørisikoanalyse	1.6.2014	2.5.1
Oversending analyseresultat	1.6.2014	5.2, 5.3

Varsel om fastsetting gebyrsats for sakshandsaminga

Fylkesmannens handsaming av søknader om løyver, eller endringar i eksisterande løyver er omfatta av ei gebyrordning frå 1.1.2007, jamfør *Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)*, kapittel 39. Risa AS skal difor betale gebyr for saksbehandlinga av løyvet.

Gebyra skal samla sett ikkje overstige Fylkesmannen sine kostnader ved saksbehandlinga eller kontrollen. Forureiningsmyndigheiten vedtar kva for gebyrsats som skal gjelde i det enkelte tilfelle. Ved fastsetjing av gebyrsats skal forventa ressursforbruk ved saksbehandlinga eller kontrolltiltaket leggjast til grunn.

Fylkesmannen varslar på denne bakgrunn at vi vurderar å nytte sats 4, jamfør § 39-4 i forureiningsforskrifta ved fastsetjing av gebyr. Risa AS skal følgjelig betale et gebyr på **NOK 20.100** for Fylkesmannen si behandling av saka.

Etter forvaltningslova § 16 har partar rett til å uttale seg om innhaldet i forhandsvarslar før vedtak vert fatta. Vi ber om at eventuelle merknader til varsel om fastsetjing av gebyrsats vert sendt Fylkesmannen innan 2 veker etter at varselet vart mottatt.

Vedtaket om fastsetjing av gebyrsats vil deretter verte sendt som eige brev.

Rett til klage

Vedtaket, under dette også plassering i risikoklasse, kan påklagas til Miljødirektoratet av sakens parter eller andre med rettslig klageinteresse innan 3 veker frå underretning om vedtaket er kome fram eller frå vedkommande fikk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. En eventuell klage skal angi kva det vert klaga over og den eller dei endringar som vert ønska. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysingar av som vedkjem saka bør nemnas. Klagen skal sendas til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjerde at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje påklagast.

Kunngjering

Dette løyvet vert send som kopi til parter i samsvar med kopilista. Det ferdige løyvet vil verte allment tilgjengeleg på Fylkesmannen sin nettstad www.fylkesmannen.no/rogaland.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernsjef

Johan Tore Rødland
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Johan Tore Rødland
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 38
E-post: fmrojtr@fylkesmannen.no

Vedlegg:

Løyve etter forureiningslova til Risa AS avd Pukkavdeling for mottak, mellomlagring og gjenvinning av betong, tegl og asfalt på Moi, Bjerkreim kommune

Kopi til:

Andreas Osland	Osland 85	4389	VIKESÅ
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Arne Geir Abeland	Risbakken 2	4389	Vikeså



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Miljøvernavingdelinga

Løyve etter forureiningslova til Risa AS avd Pukkavdeling for mottak, mellomlagring og gjenvinning av betong, tegl og asfalt på Moi, Bjerkreim kommune

Løyvet er gitt i medhald av Lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6, §§ 11 og 29, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 7.7.2013 samt opplysningar framkome under handsamingen av søknaden. Vilkåra går fram av ordlyden på side 2 til og med side 10

Løyvet gjeld frå 25.oktober 2013. Løyvet omfattar ikkje verksemda si ordinære pukkverksdrift på same lokalitet, som er regulert av sjølvberande vilkår fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 30 *Forurensningar fra produksjon av pukk, grus, sand og singel*.

Verksemda må på førehand avklare skriftleg med Fylkesmannen endringar den ønskjer å foreta i forhold til opplysningar som vart gitt i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessige følgjer.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 4 år etter at løyvet er gitt, skal verksemda gjere greie for verksemda sitt omfang slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Bedriftsdata

Bedrift	Risa AS avd Pukkavdeling
Beliggenhet/gateadresse	Bjørhaugslettå 16, 4365 Nærbø (kontoradresse)
Postadresse	Postboks 14, 4367 Nærbø
Kommune og fylke (kontor)	Hå, Rogaland
Anlegg	Moi massetak og brudd, Bjerkreim, Rogaland
Org. nummer (bedrift)	975 033 880
Gårds- og bruksnummer	Gnr.58 bnr.2, Bjerkreim kommune
NACE-kode og bransje	08.120 – Utvinning frå grus- og sandtak, utvinning av leire og kaolin
NOSE-kode(r)	105.01.09 Steinknusing
Kategori for virksomheten ¹	Ikke IPPC-virksomhet

Klima- og forurensningsdirektoratets referanser

Tillatelsesnummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ²
2013.325.T	1114.0025.01	4

Tillatelse gitt: 25.10.2013	Endringsnummer:	Sist endret:
Marit Sundsvik Bendixen ass.fylkesmiljøvern sjef		Johan Tore Rødland senioringeniør

¹ Jf Forurensningsforskriftens kapittel 36 om behandling av tillatelser etter forurensningsloven

² Jf Forurensningsforskriftens kapittel 39 om gebyr til statskassen for arbeid med tillatelser og kontroll etter forurensningsloven

1. Rammer

Løyvet gjeld forureining frå mottak, mellomlagring og behandling av betong og tegl frå rivingsmassar samt brukt asfalt. Løyvet er basert på gjenvinning av ca. 75000 tonn asfalt og 50000 tonn betong inkludert tegl pr. år.

Verksemda må til ei kvar tid kunne dokumentera at dei mellomlagra massane kan gjenvinnast innan ei omlaupstid på 3 år ved ordinær driftstid ved anlegget. Massar som vert ønska levert utover dette skal verksemda avvisa.

Verksemda skal, så langt det lar seg gjere, koordinera transporten ut og inn frå anlegget slik at kjøretøy som fraktar massar inn ikkje køyrer tomme ut igjen, og omvendt.

Løyvet omfattar berre rein asfalt, betong og tegl. Forureina asfalt med innhald av tjære, eller forureina betong og tegl, skal avisast frå anlegget. Unntaket er armeringsjern i betong samt plast nytta i samband med armeringa.

Handtering av massane kan bestå av klypping av betongmassar for fjerning av armering, samt knusing av betong, tegl og asfaltflak. Det er ikkje tillate å ta imot og mellomlagra andre avfallstypar enn dei nemnt ovanfor.

Løyvet føreset at mottaket vert etablert og drifta slik som opplyst utsleppssøknaden. Verksemda skal og delta i Kontrollordninga for asfalt (KFA), og etterleve deira rutinar for kontroll av returafalt.

Dersom verksemda har planer om vesentlege endringar, inkludert utskifting av utstyr som kan føre til vesentlege endringar i utsleppa, skal verksemda søkje om endring av løyvet. Dette gjelder sjølv om utsleppa ligg innafor dei fastsette utsleppsgrensar etter at endringane er gjennomført.

Dersom ikkje anna er klart fastsett i dette løyvet, skal den ansvarlege til ei kvar tid drive verksemda i samsvar med alle relevante krav i det gjeldande forureiningsregelverket.

2. Generelle vilkår

2.1. Utsleppsavgrensing

Dei utsleppskomponentar frå verksemda som er antatt å ha størst miljømessig verknad, er regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av stoffar på prioritetslista oppført i vedlegg 1. Desse stoffa er blant dei mest helse- og miljøfarlege stoff som er i bruk. Utslepp av desse stoffa er berre tillate dersom utsleppa er så små at dei må truleg vil vere utan miljømessig verknad. Verksemda skal vere spesielt merksam på mogleg fare for utslepp av stoffa på prioritetslista.

Alle grenseverdiar skal haldas innafor dei fastsette midlingstider. Variasjonar i utsleppa innafor de fastsette midlingstidene skal ikkje avvika frå kva som følgjer av normal drift i ei slik grad at dei kan føra til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.2 Plikt til å redusere forureining

Sjølv om verksemda overheld krava i forureiningsregelverket, skal verksemda arbeide kontinuerlig for å hindre at forureining oppstår eller aukar, og for å minske forureining som

finn stad. For å unngå og/eller minske forureining og avfallsproblem skal verksemda ta utgangspunkt i den teknologien som ut frå ein samla vurdering av noverande og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold gir de beste resultat, jf forureiningslova § 2.

2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha utsleppsmessig påverknad. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal være dokumentert (jf internkontrollforskrifta § 5 punkt 7³).

2.4 Tiltak ved auka fare for forureining

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunner oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltak som er naudsynte for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, medrekna om naudsynt å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessig verknad. Akutt forureining skal varslas i samsvar med punkt 8.2.

2.5. Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i samsvar med gjeldande forskrift om dette⁴. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at verksemda etterlever krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovane. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

2.5.1 Risikovurdering og førebyggjande tiltak

Verksemda skal vurdere om aktivitetane ved verksemda kan føre til fare for forureining av det ytre miljø, jamfør internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 6, og vurdere resultatet opp mot akseptabel miljørisiko. Risikovurderinga skal vere dokumentert, og skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til forureining av vatn, grunn og luft. Ved endringar i drifta skal verksemda oppdatere risikovurderinga.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursar som kan bli påverka av forureining, inkludert akutt forureining, og dei helse- og miljømessige konsekvensar forureininga kan føre til.

Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda om naudsynt setje i verk risikoreduserande tiltak. Både tiltak for å redusere frekvensen av hendingar eller tilhøve og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

2.5.2 Avvikshandtering

Avvik (brot på forureiningsregelverket) av ein viss alvor og/eller som er stadig gjentakande, skal handteras i samsvar med krava i internkontrollforskriften § 5, 2. ledd punkt 7. Dette inkluderer undersøking av årsakstilhøva for at avvika har skjedd, vurdering og iverksetting av strakstiltak for

³ Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (Internkontrollforskriften)

⁴ Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (Internkontrollforskriften)

å rette avvika og vurdering og iverksetting av avbøtande tiltak for å hindre at liknande avvik skal skje på nytt. Avvikshandteringa skal dokumenterast skriftleg.

3. Mottakskontroll og journalføring

3.1 Mottak frå avfallsprodusent

Verksemnda skal sørge for at alt avfallet som vert mottatt på anlegget vert registrert **på vekt** med opphav og innhald. Alle massar som vert tatt imot skal ha følge av dokumentasjon på at de er reine frå avfallsprodusenten. Verksemnda skal kontrollere at avfallet kan handterast utan at krava i løyvet vert brote. Dersom det er tvil om opphavet til avfallet, eller mistanke om at det er forureina, skal det avvisast frå anlegget.

Verksemnda skal sørge for at den som til ein kvar tid er ansvarleg kontrollør av avfallet som mottas, inkludert den medfølgjande dokumentasjonen, skal ha opplæring i de vanlegaste typene forureining som dei aktuelle avfallstypene kan innehalde. Verksemnda skal ha rutinar for opplæring, og dokumentasjon på at dei tilsette som arbeider med mottakskontroll har fått tilstrekkeleg kunnskap gjennom relevant opplæring.

3.2 Handtering av massar ved avvik

Dersom det etter mottaket vert oppdaga at massar med forureiningar er tatt imot og behandla, skal Risa umiddelbart setje i gang tiltak for å avgrense eventuelle utslepp, fjerne dei forureina massane og levera dei til eit godkjent mottak for forureina massar. Verksemnda skal sørge for prøvetaking for å undersøkje om omgjevnadane har vorte påverka av aktiviteten, og eventuelt dekkja kostnaden med opprydning av andre forureina areal.

3.3 Krav til internkontroll og journalføring

Alle tilsette som handterer avfallet skal være kjent med verksemnda sine rutinar for mottakskontroll.

Verksemnda sin internkontroll må inkludere eit system for registrering av avfallet sitt opphav, vekt, mottak og uttransportering. Systemet må vere bygd opp slik at det til ei kvar tid kan dokumentere at vilkåra i løyvet ikkje vert brote. Eit slikt system skal kunne framleggjas ved tilsyn frå Fylkesmannen.

4. Utsleppsgrensar

Handteringa av rivingsmassane skal skje på same lokalitet som verksemnda driv ordinær pukkverksdrift.

Risa AS avd Pukkverkavdeling skal i samband med gjenvinning av rivingsbetong og asfaltmassar etterleve dei same krava som gjeld for pukkverksdrifta, jf forureiningsforskrifta kapittel 30 om forureiningar frå produksjon av pukk, grus, sand og singel. Den totale påverknaden frå alle aktivitetane ved anlegget skal dermed ikkje overskride grensene under.

Eventuelle framtidige endringa av grenseverdier i pukkverksforskrifta vil dermed også vere gjeldande for Risa AS avd Pukkverkavdeling sine utslepp frå gjenvinning av asfaltflak og rivingsbetong utan at Fylkesmannen fattar enkeltvedtak etter forureiningslova § 18 om endring av utsleppsløyvet.

4.1 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller berekna som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Måndag - fredag	Laurdagar	Sun- og heilag dagar	Kveld (kl. 19-23) måndag - fredag	Natt (kl. 23-07) alle døgn	Natt (kl. 23-07) alle døgn
55 L _{den}	50 L _{den}	45 L _{den}	50 L _{evening}	45 L _{night}	60 L _{AFmax}

L_{den} er definert som døgnmiddel. Med impulsstøy eller lyd med reintonar er grensa 5 dBA lågare. Den strengaste grenseverdien vert lagt til grunn når impulslyd opptre i gjennomsnitt meir enn 10 hendingar per time.

L_{evening} er A-veid ekvivalentnivå for 4 timers kveldsperiode frå kl 19-23.

L_{night} er A-veid ekvivalentnivå for 8 timers nattperiode frå kl 23-07.

L_{AFmax} er gjennomsnitt av de 5-10 høgaste førekomande støynivåa L_{AF} (A-veid støynivå med Fast respons) frå ein industribedrift i nattperioden 23-07.

Med impulslyd meinast kortvarige, støytvise lydtrykk med varigheit på under 1 sekund og der impulslyden er av typen "highly impulsive sound" som definert i T-1442 kapittel 6.

Dersom impulslyd førekommer meir enn 10 hendingar per time er grenseverdien 5 dBA lågare enn dei grenseverdiane som er angitt i tabellen.

Støygrensene gjeld all støy frå anlegget sin ordinære verksemd, inkludert intern transport på bedriftsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for bustader eller andre typar bygg nemnd av ovanfor som vert etablert etter at verksemda har starta opp.

4.2 Støv

Utslipp av støv/partiklar frå totalaktivitetar frå verksemda skal ikkje medføre at mengde nedfallsstøv overstig 5 g/m² i løpet av 30 dagar. Dette gjeld mineralsk part målt ved næraste granne, eller annan granne som eventuelt vert meir utsett.

Diffuse utslipp frå produksjonsprosessar og frå areal ute, for eksempel lagerområde, områder for lossing/lasting og reinseanlegg, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal reduserast mest mogleg.

4.3 Utslepp til vatn

Prosess- og overflatevatn utan miljø- eller helseskadelige stoff/eigenskapar kan sleppas til resipient i sjø eller ferskvatn dersom maksimalkonsentrasjon av faststoff/suspendert stoff (SS) i utsleppspunktet er under 50 mg/l og dersom utsleppet ikkje fører til nedslamming i resipienten.

Utsleppet skal heller ikkje påverke vasskvaliteten i primærresipient slik at tilstandsklassen for resipienten vert redusert. Den rettleiar for tilstandsklassifisering av vatn som til ei kvar tid gjeld skal nyttast ved vurdering av tilstandsklasser.

Dersom prosess- eller overflatevatn har helse- eller miljøskadelige stoff/eigenskapar, eller utsleppet sitt innhald av faststoff/suspendert stoff er for høgt til å tilfredsstille krava i første og andre ledd, skal vatnet enten samlast opp og leverast godkjent mottak eller reinsas for eksempel ved hjelp av eit sedimenteringsbasseng.

4.3.1 Sanitæravlaupsvatn

Verksemnda er per dags dato ikkje knytt til kommunalt avlaup. Bjerkreim kommune er mynde for handtering av verksemnda sitt sanitæravlaupsvatn.

4.4 Grunnforureining

Verksemnda skal være innretta slik at det ikkje finn stad utslepp til grunnen som kan medføre nemnande skader eller ulemper for miljøet.

Verksemnda pliktar å halde laupande oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemnda sitt område og forureina sediment utafør, inkludert faren for spreing, og vurdere behovet for undersøkingar og tiltak. Forureiningsmynden skal varslast dersom det er grunn til å anta at tiltak vil være naudsynt.

5. Målingar og dokumentasjon

5.1 Utsleppskontroll

Verksemnda skal gjennomføre målingar av støy, støv og utslepp til vatn. Med målingar meiner vi prøvetaking, analyse og/eller berekning. Målingar og berekningar skal gjennomførast etter eit program som skal inngå i verksemnda sin dokumenterte internkontroll.

Målingar skal utførast slik at dei vert representative for verksemnda sitt faktiske utslepp, og skal omfatte

- komponentar som er regulert gjennom grenseverdier
- andre komponentar som er omfatta av rapporteringsplikta i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar til verksemdenes eigenrapportering. Rettleiaren er tilgjengelig på www.miljodirektoratet.no.

Verksemnda er ansvarleg for at metodar og utføring er forsvarleg kvalitetssikra, mellom anna ved å

- utføre målingane etter Norsk standard. Dersom slik ikkje fins, kan internasjonal eller utanlandsk standard nyttast. Fylkesmannen kan etter søknad akseptere at annan metode vert brukt, dersom verksemnda kan dokumentere at den er meir føremålstenleg.
- bruke akkreditert laboratorium/teneste når prøvetaking og analyse vert utført av eksterne
- kvalitetssikre egne analysar ved å delta i ringtestar
- kvalitetssikre egne målingar jamleg ved verifisering av uavhengig tredjepart
- redusere uvissa ved målingane mest mulig

5.2 Støvnedfall

Verksemda skal starte støvnedfallsmålingar målt i 30-dagers intervall i løpet av det første året mottaket er i drift. Måleperioden skal vare minst eit år og skal ikkje avsluttast før målingane dokumenterer at krava i punkt 4.2 vert overheldt.

Nedfallsmålingane skal planleggast og prøvane analyseras av uavhengig konsulent. Verksemda kan førestå for innsamling og vidaresending av prøvane etter rettleiing frå konsulenten.

5.3 Utslepp til vann

For utslepp til vatn skal verksemda kunne dokumentere at utsleppa ikkje er helse- eller miljøskadelege og kva for vurderingar og/eller tiltak som er gjort for å hindre nedslamming og for å sikre resipienten sin tilstandsklasse.

5.4 Lagring av dokumentasjon frå utsleppskontroll

Verksemda skal ta vare på alle prøveresultat og anna dokumentasjon frå kontroll og overvaking av drifta. Opplysingane skal lagrast i minst fem år, og dei skal vere tilgjengelege ved kontroll eller på førespurnad frå forureiningsmynden, jf forureiningslova § 50.

5.5 Andre utgreiingar

Om det skulle vise seg naudsynt, kan Fylkesmannen krevje at verksemda foretar eller dekkjer kostnaden med undersøkingar eller utgreiingar for å redusere støy, støv og andre moglege utslepp frå anlegget. På bakgrunn av resultatata kan Fylkesmannen pålegge Risa AS avd Pukkavdeling å gjennomføre avbøtande tiltak.

6. Kjemikaliar

Med kjemikaliar meines her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukt av verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikaliar, til dømes vaskemidlar, hydraulikkvæsker og brannsløkningsmiddel.

For kjemikaliar som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for forureining, skal verksemda dokumentere at den har gjennomført ei vurdering av kjemikaliane sine helse- og miljøeigenskapar på bakgrunn av testing eller anna relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.5 om internkontroll.

Verksemda plikter å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikaliar. Det skal foretas ei laupande vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø forårsaka av dei kjemikaliar som vert nytta, og av om alternative kjemikaliar er tilgjengelege. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der Det finns betre alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁵

Stoffar aleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, bringast i omsetning, eller verte brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket.⁶

⁵ Jf Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

⁶ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH) av 30. mai 2008.

7. Avfall

Verksemnda plikter så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det vert danna avfall som følgje av verksemnda. Særleg skal innhaldet av skadelege stoffar i avfallet søkjast redusert mest mogleg.

Verksemnda plikter å sørgje for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande regler for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, medrekna avfallsforskrifta⁷.

Avfall som oppstår i verksemnda, skal søkjast gjenbrukt i verksemnda sin eigen produksjon eller i andres produksjon, eller – for brennbart avfall – søkjast utnytta til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel skje i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova, samt krav fastsett i dette løyvet.

8. Førebyggjande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining

8.1. Etablering av beredskap

Verksemnda skal etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemnda til ei kvar tid representerar, jf punkt 2.5.1.

8.2. Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i medhald av gjeldande forskrift⁸. Verksemnda skal også så snart som mogleg underretta Fylkesmannen i slike tilfelle.

9. Ansvarsforhold

Verksemnda er ansvarleg for at krava i utsleppsløyvet vert overhaldt.

Løyvet fritar ikkje verksemnda for plikt til å innhente løyver frå andre mynde for andre sider av verksemnda som gjeld til dømes arbeidsmiljø, brann, elektrisitet, eksplosjonsvern eller smittevern.

Løyvet fritar ikkje verksemnda for plikt til å betale erstatning for forureiningsskade, jf forureiningslova § 10 og kapittel 8.

10. Eigarskifte

Dersom verksemnda vert overdratt til ny eigar, skal melding sendast Fylkesmannen snarast mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

11. Nedlegging

Dersom anlegget vert nedlagt eller drifta av anlegget opphøyrar for ein lengre periode, skal eigar eller brukaren gjere det som til ei kvaer tid er naudsynt for å motverke fare for forureiningar. Dersom anlegget eller verksemnda kan føre til forureiningar etter nedleggjanga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid på førehand gis melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærmare kva for tiltak som er naudsynte for å motverke forureining. Fylkesmannen kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

⁷ Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930.

⁸ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 09.07.1992, nr. 1269

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert tatt hand om på forsvarleg måte, medrekna at farlig avfall vert handtert i samsvar med gjeldande forskrift⁹. Dei tiltak som vert gjort i samband med dette, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukne kjemikalier og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørge for at driftsstaden vert sett i miljømessig tilfredsstillande stand att.

Dersom verksemda ønskes starta på nytt, skal det gis melding til Fylkesmannen i god tid før planlagt oppstart.

12. Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmynden eller dei som denne gir mynde, føre tilsyn med anlegga til ei kvar tid, jf forureiningslova § 50.

VEDLEGG 1

Stoff på prioritetslista, jf punkt 2.1.

Prioritetslista innehald stoffar og stoffgrupper som er blant dei mest helse- og miljøfarlege stoffa som er i bruk. Myndigheitenes mål er at bruk og utslepp av desse stoffa skal verte stansa eller vesentleg redusert. Prioritetslista vert jamleg gjennomgått og oppdatert. Se www.miljostatus.no.

Metall og metallforbindelser:

	Forkortelser
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelser:

	Vanlige forkortelser
Bromerte flammehemmere:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4' isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorholdige organiske forbindelser	
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB

⁹ Avfallsforskriftens kapittel 11 om farlig avfall

	Vanlige forkortelser
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Tensidene:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
Nitromuskforbindelser:	
Muskxylen	
Alkylfenoler og alkylfenoletoksylater:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilater	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6tri-tert-butylfenol	
Polyfluorente organiske forbindelser (PFCs)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	(PFOA)
Tinnorganiske forbindelser:	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
Polisykliske aromatiske hydrokarboner	PAH
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Dekametylsyklopentasiloksan	D5